



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.
09/360-04 MRB

Vår ref.
200901884 EP TFJ/an

Dato
19.05.2009

Høring – forslag til lovendringer for å forebygge problem med låginnskotsburettslag

Vi viser til høringsbrev 6. mars 2009 frå Kommunal- og regionaldepartementet med vedlagt høringsnotat.

Vi gjer merksam på at forslaget til endring i bustadoppføringslova § 1a andre ledd korkje er omtalt i punkt 4.2.2 eller i kapittel 13 i høringsnotatet. I proposisjonen bør endringsforslaget omtalast noko nærmare.

Forslaget til føresegn om seljarfinansiering i finansieringsverksemdlova § 1-2 nytt andre ledd er avgrensa til sal av andelar i burettslag. Vi reiser spørsmål om forbodet bør gjelde generelt ved sal av partar i bustadsamanslutningar.

Med helsing

for Tore Fjørtoft e.f.
lovrådgivar

Anita Neraas
Anita Neraas
førstesekretær